

Kulturdepartementet

Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:

11/350 - 1 / KHS

Dato:

18.04.2011

## Høyringsfråsegn NOU 2010:14 - utgreiing frå mediestøtteutvalet

Språkrådet er ikkje formell høyringsinstans for utgreiinga. Vi ønskjer likevel å gi nokre overordna synspunkt på ei utgreiing om eit tema som er så kulturpolitisk viktig. Grunnlaget for fråsegna er strategiplanen for Språkrådet, drøftingar i styret og fagråd for samfunn og høgare utdanning, og grunnlagsdokument som *Språkstatus 2010*. Viss departementet følgjer opp utgreiinga med ei stortingsmelding, vonar vi at emna nedanfor blir tekne vidare der.

I utgreiinga er avgiftspolitikken eit viktig tema. Å føre ein generell lågavgiftspolitikk for publisistikk på bokmål, nynorsk og minoritetsspråk i Noreg held vi for å vere strategisk og god kulturpolitikk. Vi viser her til utdjupande synspunkt i brev frå Språkrådet til Kulturdepartementet 18. august 2010 der vi rådde frå å innføre meirverdiavgift på e-bøker.

### Mediepolitikk føreset språkpolitikk

Statsråd Anniken Huitfeldt gjesta styremøtet i Språkrådet 15. desember 2011, dagen før utvalet la fram utgreiinga si. Der framheva statsråden at mediepolitikken også treng ei språkpolitisk grunngeving og at mediepolitikken er viktig for språkpolitikken. Det synspunktet sluttar vi oss til fullt ut. Difor saknar vi ei breiare kulturpolitisk tolking av mandatet frå utvalet si side. Utgreiinga er blitt meir bransjeprega enn emnet skulle tilseie.

Mandatet føreset "en helhetlig vurdering av bruk av tilskuddsordninger og andre økonomiske virkemidler på medieområdet". Hovudmålet for desse økonomiske verkemidla blir i mandatet presisert til å "oppretholde et medie- og kultur mangfold som kan sikre befolkningen bred tilgang til nyheter og samfunnsdebatt av høy kvalitet og redaksjonell standard". Slike spørsmål kan vanskeleg drøftast meiningsfylt utan eit språkpolitisk perspektiv. Medieverksemdene er blant dei største og mest profesjonelle språkbrukarmiljøa i landet. Kor viktige dei er, seier utgreiinga lite om. Då er faren stor for at tiltak utvalet føreslår, får verknader ein ikkje tok høgd for eller føresåg.

Noreg er eit gjennomorganisert samfunn der skriftkultur er ein føresetnad for både kommunikasjon og meiningsdanning. Tre år før Grunnlovsjubileet i 2014 ville det vere på sin plass at mange høve blir nytta til å gå inn i den store drøftinga av samanhengen mellom språk og demokrati. Det trur vi også ville ha stor interesse for andre land og skriftkulturar. Å formidle den norske røynsla med språkdelt kultur og solid skriftkulturtradisjon er blitt ei særers verdfull kulturell eksportvare. Det samfunnsoppdraget pressa forvaltar, er av eit særskilt slag, men blir ikkje mindre viktig i eit slikt perspektiv.



## **Språkpolitisk visjon for mediepolitikken**

*St.meld nr. 35 (2007–2008) Mål og meining* meislar ut ein heilskapleg språkpolitikk som kan finnast att i visjonen for Språkrådet, formulert slik i *Strategi for Språkrådet 2009–2011*:

Norsk skal være et fullverdig og samfunnsbærende språk i Norge i all overskuelig framtid. Ut frå dette har Språkrådet prioritert seks innsatsområde. Det fremste er å ta vare på norsk som eit fullverdig bruksspråk på sentrale samfunnsområde. 'Norsk' tyder her både bokmål og nynorsk. Slik følgjer Språkrådet opp det eit breitt fleirtal i Stortinget slutta seg til i drøftinga av språkmeldinga våren 2009.

Språkrådet utvidar no verksemda frå norsk språk til språk i Noreg. Situasjonen er svært ulik for bokmål, nynorsk, teiknspråk, urfolksspråket samisk, minoritetsspråk som kvensk og romani, og dei mange nyare innvandrarspråka. Media representerer ein nøkkelfaktor i arbeidet med å fremje språkleg sjølvtilitt innanfor ulike språkbrukargrupper, og i arbeidet med sosial og kulturell integrering. Gode støtteordningar i mediesektoren kan vere med og løyse problem som kostar mykje meir å løyse i andre sektorar.

Presset frå engelsk aukar på nokre samfunnsområde, særleg innanfor fagterminologi. Vi reknar faren som svært liten for at pressa er eit slikt utsett område. Tvert om er pressa eit språkleg bolverk som dagleg fremjar bruken av norsk og andre språk det er språkpolitisk viktig å verne om i Noreg. Di betre rammevilkår ei slik presse får, di større er sjansen for å lykkast over tid med ein heilskapleg språkpolitikk.

Språkrådet har eit særleg ansvar for å medverke til styrking av nynorsk skriftkultur. Med språkmeldinga er det som blir kalla prinsippet nynorsk gjeldande norsk språkpolitikk. Dette prinsippet inneber at nynorsk alltid skal reknast med der språk blir tematisert. At språk ikkje blir tematisert der det faktisk er ein viktig faktor, som i mediepolitikken, opphevar ikkje dette prinsippet.

Ein heilskapleg norsk språkpolitikk føreset ei systematisk styrking av nynorskpressa, og krev målretta tiltak også innanfor dei andre skriftkulturane. Då må mediebransjen vurderast ut frå fleire premissar enn dei mediebransjen sjølv ønskjer eller legg til grunn. Mediestøtteutvalet har ikkje lagt fram materiale som kan vere med og klargjere grunnlaget for ein slik språkpolitisk fundert mediepolitikk. Utgreiinga plasserer seg dermed på sida av det Stortinget har fastlagt som gjeldande norsk språk- og kulturpolitikk. Dét er ikkje eit argument mot å tenkje annleis, men ei offentleg utgreiing bør nok klargjere eventuelle utilsikta og uheldige verknader av dagens politikk.

## **Språkpolitikk tilfører mediepolitikken fleire omsyn**

Avisene er så viktige språkprodusentar at dei er ein av berebjelkane i norsk skriftkultur og ein av føresetnadene for dei posisjonane bokmål og nynorsk har i samfunnet. I dette ligg også ei openberr årsak til den språklege ubalansen som gjer seg gjeldande. På den andre sida er jamt fleire aviser formelt eller reelt språkblanda. Det er ikkje lenger målforma som avgjer om ein kjem til orde. I større grad enn før let pressa lesarane møte den språkblanda norske kulturen så å seie dagleg.

Både i eigarform, frekvens, lokalisering og geografisk dekning skil bokmålspressa seg frå nynorskpressa. Ei god pressestøtte for framtida vil då vere ordningar som styrkjer nynorskpressa utan å svekkje bokmålspressa, og som dekkjer dei ulike behova som er der. Det var i lys av dette at styret i Språkrådet vinteren 2009 tok opp reglane for fritak for meirverdiavgift og gjekk inn for spesifikke tiltak som kunne styrkje bruken av nynorsk i pressa. Vi har merka oss at alle partia i Stortinget kommenterte dette i komitéinnstillinga om språkmeldinga. Dei kommentarane er eit godt

grunnlag for ei vidare drøfting der føresetnaden er at statlege styresmakter ikkje går over grensa for det redaksjonelle sjølvstendet.

Språkrådet har ikkje føresetnader for å vurdere alle sider av spørsmålet om støtteordningar bør vere plattformnøytrale eller ikkje. Det vi har peikt på ovanfor, tilseier at også her er det fleire omsyn å ta enn dei utvalet legg vekt på. Vi vil særleg framheve at den digitale kvardagen alt er ein viktig arena for skriftkulturane og blir endå viktigare i framtida. Knapt noko har meir å seie for at ein skal kunne føre ein heilskapleg norsk språkpolitikk. Noreg treng ein samla, systematisk og målretta mediestøttepolitikk for alle skriftmedia. Det vil ikkje seie det same som at den einaste eller beste løysinga er å drive ein plattformnøytral politikk. Ulike språkkulturar kan her ha ulike behov.

### **Språkteknisk kvalitet**

Som språkprodusentar representerer avisene eit uunnverleg gode, men dei skaper etter kvart også eit problem.

I *Språkstatus 2010* peika Språkrådet på at avisene ”i stor grad fungerer som eit mønster for mykje annan språkbruk i samfunnet” (s. 35). I *Strategi for Språkrådet 2009–2011* heiter det at ”viktige aktører som aviser, forlag og elektroniske medier bør vise at de verdsetter og etterstrever et mønstergyldig og korrekt norsk”. Fleire avgrensa undersøkingar frå dei siste åra tyder på at det røyner på med både rettskriving og teiknsetjing i mange aviser, og at aviser har fleire språkfeil enn vekeblad. Materialet er for tynt til at vi kan dra eintydige konklusjonar, men uavhengig av dette kan det vere nødvendig for staten å stille spørsmålet om støtteordningar bør føresetje at visse ytre kvalitetskrav må oppfyllest, slik det til vanleg blir gjort når staten yter støtte.

Det er noko heilt anna å lage avis enn å byggje veg, men pressa har sjølv framheva blant anna fritaket frå meirverdiavgift som ei støtte til lesarane. Då kan det også vurderast om publikum får den språktekniske kvaliteten dei har krav på og som skriftkulturar treng over tid. Ei slik drøfting må i så fall gjelde fleire ordningar, til dømes innkjøpsordningane for bøker i Norsk kulturråd. Dette er ikkje noko anna enn eit spørsmål om kva legitime krav staten bør stille for å fremje språkleg kvalitet innanfor rammene av system som elles fungerer godt. Om det er praktisk mogleg og økonomisk føremålstenleg å praktisere slike krav, er Språkrådet gjerne med og drøftar. Grunnlaget for ei slik drøfting må vere at til liks med pressestøtta er innkjøpsordningane eit uvanleg viktig språkpolitisk tiltak med store og positive ringverknader. Språkrådet tek såleis for gitt at desse ordningane blir verande eit sentralt element også innanfor rammene av ein heilskapleg norsk språkpolitikk.

Venleg helsing

Ottar Grepstad  
styreleiar  
(s)

Karl Henrik Steinsholt  
fungerande direktør